



Innspel til ekspertgruppa for akkreditering

Høgskulen på Vestlandet kjem her med innspel til ekspertgruppa for akkreditering av universitet og høgschooler, slik gruppa ber om i nyhetssak frå KD datert 26. september 2022.

HVL har sidan fusjonen i 2017 arbeidd med å nå dei gjeldande krava for universitetsakkreditering, og skal etter planen sende inn søknad i 2023 om å bli Universitetet på Vestlandet. Da har vi nådd dei kvantitative krava om tal ph.d-program og ph.d.-kandidatar, og meiner at vi òg kjem til å fylle dei kvalitative krava om fagmiljø, om kopling Fou og utdanning, om kvalitet i utdanning og forskning og om internasjonalt samarbeid.

Ekspertgruppa ber om innspel under to hovudoverskrifter, og HVL sorterer vårt innspel slik.

1. Kva bør vere politikkenes rolle i etablering av universitet?

Politikken har ein viktig rolle i å utforme eit lov- og regelverk som bidreg til mangfald i sektoren, noko som har vore eit uttrykt politisk mål i ei årrekke. HVL har som dei nyare universiteta ein profesjons- og arbeidslivsretta profil, og vi meiner at kvalitets- og akkrediteringskrava kan legge noko meir vekt enn i dag på arbeidslivsrelevans og regional rolle. Det kan motvirke tendensen til at alle institusjonane spring i same retning, og vil vere i tråd med intensjonane i utviklingsavtalane og med dei pågåande debattane om finansieringssystemet for UH-sektoren. Det er ikkje gitt at lov- og regelverket treng å endrast i særleg grad, men at det kan vere nok å endre praktiseringa av det – sjå nokre forslag under overskrifta om kriterium.

Vi vil òg spørre om (særleg) universitetsakkreditering er for kunnskapspolitisk viktig til at ein kan bruke omtrent same NOKUT-tilnærming som for akkreditering av studieprogram, med relativt små faglege komitear for å avgjere universitetssøknadene. Erfaringane frå akkreditering av OsloMet og USN samt avslaget av HINN-søknaden viser, slik HVL les dei faglege vurderingane og diskusjonane rundt dei, at det er noko ulikt hva kvar einskild fagkomite er mest oppteken av og vektlegg i sine vurderingar.

Bør Kunnskapsdepartementet i lys av dette gjere ei tilleggsvurdering på toppen av dei faglege rapportane og NOKUT si styreavgjerd, basert på meir overordna kunnskapspolitiske behov og rimelegheitsvurderingar? Det er paradoksalt at ein i samband med forslag til ny UH-lov diskuterer om det er institusjonane sine styrer eller Kongen i statsråd som skal avgjere nedlegging av studiestader og til og med avvikling av sentrale profesjonsfag, medan det er det fagleg-administrative organet NOKUT som gjennom sin «myndighetsrolle» skal avgjere om ein landsdel skal ha høgschool eller universitet.

Paradokset blir sterkare av at mange av dei universitetscampusane som eventuelt skal oppretthaldast politisk om forslaget til ny UH-lov blir vedteke, ikkje har gått gjennom ein eigen prosess for å bli akkreditert som universitet, men fått universitetsstatus gjennom ein fusjon. Det synleggjer den rollen som politikken allereie har hatt i opprettinga av det gjeldande UH-landskapet: Strukturreformen gjorde det mogleg for ein rekkje høgschoolar å bli universitet «overnatta», medan andre har gått eller må gå gjennom lange og ressurskrevande akkrediteringsprosessar i regi av NOKUT.





2. Kva kan vere egna kvalitative og kvantitative kriterie?

Innleiingsvis vil vi si at systemet for akkreditering av universitet på betre vis enn i dag bør fange kvalitet ved den «nye» typen universitet, meir arbeidslivs- og regional utviklingsorientert enn dei disiplinorienterte universiteta. Det er ikkje lett, noko diskusjonane om temaet i samband med finansieringssystemet av UH-sektoren har vist. Her kjem likevel nokre betraktningar frå HVL.

2a. Eit av krava til fagmiljø er at *«institusjonen skal ha en relevant kompetanseprofil, og den samlede kompetansen skal være på nivå med sammenlignbare institusjoner i samme institusjonskategori»* (Studietilsynsforskriften § 3-1). Dette er eit rimelig krav, men HVL vurderer det slik at NOKUT si rettleiing og dei faglege komiteane i sine vurderingar av søknadene frå HIOA, HSN og HINN tolkar kravet for snevert i retning av akademisk kompetanse.

Tilstreккеleg med førsteamanuensar og professorar er sjølvstøtt viktige for kvalitet på forskning og utdanning, for å nå opp i konkurransen om eksterne forskningsmidlar og for forskingsbaserte utdanningar. For dei profesjons- og arbeidslivsretta insitusjonane er det likevel òg viktig å ha ei rekkje fagleg tilsette med praktisk erfaring og kompetanse frå arbeidsliv, og ei for snever tolkning av fagmiljø inn mot akademisk kompetanse bidreg til einsretting i sektoren. Rettleiing og praksis av kravet til relevant kompetanse kan såleis, meir enn kva som er tilfelle i dag, spegle mangfaldet i landskapet for høgare utdanning, med «nye» universitet der ein òg må sørge for tilstrekkeleg kompetanse frå relevant praksis/arbeidsliv.

2b. Kravet om fire doktorgradsprogram er noko HVL har lagt til grunn for si mangeårige bygging av Universitetet på Vestlandet. Som stor institusjon vil HVL ikkje ha noko problem med å oppfylle dei kvantitative krava om tal på kandidatar over tid. Vi vil likevel spørre om ikkje kravet om at *«doktorgradsområdene skal dekke vesentlige deler av institusjonens faglige virksomhet»* er viktigare enn kravet om akkurat fire ph.d.-program.

2c. Kravet om høg internasjonal kvalitet i utdanning og forskning er noko det har vore både diskusjon om og uklarheiter rundt i arbeidet med søknadene til OsloMet, USN og HINN. Det å samanlikne internasjonalt er noko alle desse tre strevde med, og det gjeld også HVL i det pågåande arbeidet med søknad. Med unntak av nokre internasjonale rangeringar og forskingsindeksar er det lite datagrunnlag for å samanlikne systematisk med institusjonar eller fagmiljø i andre land. Vi meiner det er betre å halde fokus på det samanliknbare materialet som ligg i Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) samt ein del nasjonale undersøkingar frå NIFU og andre. Også her kan det vere meir snakk om å justere NOKUT si rettleiar og fagkomiteane sin praksis, enn å endre sjølve regelverket.

Bergen, 14. oktober 2022

Gro Anita Fønnes Flaten, prorektor for forskning ved HVL

